



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5346 - 21/69045

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
18.10.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 229/1

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 229/1
Tiltakshavar: Lerøy Vest AS
Ansvarleg søkjar: Multiconsult Norge AS Avd Stord

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt krav om reguleringsplan etter kommuneplan føresegn 2.2 for etablering av inntaksleidning. Det er i denne runda tale om ein rein dispensasjonssøknad, og det er ikkje gjeve løyve til det konkrete tiltak.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås, id: 1263201805, sin arealdel er definert som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Det er gjeve dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt krav om reguleringsplan etter føresegn 2.2 i kommuneplan.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Einar Aase på e-post
einar.aase@alver.kommune.no.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 229/1

Søknad om dispensasjon - gbnr 231/73 Bjørsvik/ Husdalsvatnet

Mottakarar:

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER